



Grethe Eilertsen
Klavsteinen 82
5146 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/487 - 15/9665


Saksbehandlar:
Tor Hegle
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:
27.04.2015

Svar på førespurnad om flytebrygge. Gbnr -gbnr 81/33 Risøy

Eg takkar for din førespurnad, viser til din purring av 24.04.15, og ber om orsaking for at det har tatt tid før eg kunne svare.

Kartutsnittet du viser til i førespurnaden din, er eit utsnitt frå pågåande arbeid med ny kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Planen er ikkje ferdig.



I den nye kommunedelplanen er gjeldande reguleringsplan for Strandplan for Risøy, tenkt å bli ført vidare. Denne planen er førebels ikkje gjeldande.

Her er vist eit utsnitt av gjeldande reguleringsplan. Arealplanid.: 1263-17061996.





Nedanfor er vist utsnitt av gjeldande kommuneplan på staden. Det er førre Kommuneplan Lindås kommune (som inntil vidare gjeld kun innafor Lindåsosane). Arealplanid: 1263-2003.



Om planendring.

Sjølv om eit areal som er sett av til føremål flytebrygge ikkje vert brukt, vil arealet likevel vere sett av til føremålet. Det å flytte ein lokalitet som i plan er sett av til eit arealføremål (flytebrygge), til ein annan stad er avhengig av planendring.

Innspeil til ny kommunedelplan og/eller førespurnad om planendring må takast opp med avdelingsleiar for planavdelinga, Arnold Matre.

Dispensasjon frå plan.

Etablering av flytebrygge i område der det ikkje er vist i plan tingar søknad om dispensasjon.
Ei slik flytebrygge tingar dispensasjon både frå plankrav samt dispensasjon for etablering i strandsona.

Søknad om dispensasjon må vedleggast ein situasjonsplan der tiltaket er vist samt at det må nabovarslast.

Søknaden er gebyrbelagt med eit gebyr for kvar dispensasjon. Gebyret må betalast uansett utgang av saka.
Det er ikkje saksbehandlingsfrist for dispensasjonssøknader. Departementet har meldt om endringar som skal trå i kraft 01.07.15. Då vert det sett frist om 12 veker. Høyring hos Fylkesmann på 4 veker er uavhengig dette.

Det er vanskeleg å meine noko om korleis ein slik søknad vil bli behandla på førehand.
Søknad om dispensasjon vil bli sendt på høyring hos Fylkesmann.
Fylkesmann har normalt vore særst restriktiv med omsyn til tiltak i strandsona.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Grethe Eilertsen

Klavsteinen 82 5146

FYLLINGSDALEN